

Saksbehandlar: Oddveig Hove, Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 13/6991-17

Serviceskyss - 2014

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1 Fylkeskommunen yter godtgjersle til følgjande serviceskyssar i 2014:

Gaular kommune	kr 250 000
Balestrand kommune	kr 215 000
Leikanger kommune	kr 150 000
Fjaler kommune	kr 200 000
Askvoll kommune	kr 170 000
Hyllestad kommune	kr 150 000
Naustdal kommune	kr 200 000
Gulen kommune	kr 180 000
Luster kommune	kr 200 000
Vågsøy kommune	kr 90 000 (.flexitaxi)
Flora kommune	kr 200 000
Sogndal kommune	kr 250 000
Solund kommune	kr 120 000
Gloppen kommune	kr 200 000
Nye kommunar	
Aurland kommune	kr 30 000
Jølster kommune	kr 75 000
Eid kommune	kr 50 000
Stryn kommune	kr 60 000
Førde kommune	kr 75 000

2 Eigenandelen på serviceskyssen vert auka frå kr 15,- til kr 25,- pr tur frå 01.07.2014.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:
 Nye søknader

SAKSFRAMSTILLING

2. Bakgrunn

Innleiande

Sogn og Fjordane fylkeskommune søkte Samferdselsdepartementet om midlar til planlegging og prøveprosjekt med samordning av bestillingstransport og TT-transport i 2009.

Fylkeskommunen fekk kr 1 mill. for 2009, 1,5 mill. for 2010 og 1,5 mill. for 2011 til ovannemnde prosjekt.

Prosjektperioden er over og har vore vurdert til å vere vellukka. Prosjektet er no over i normal drift som ein del av det fylkeskommunale rutetilbodet. Tilbodet må utviklast og justerast på linje med det øvrige samferdsletilbodet i fylkeskommunen.

I denne saka vil vi drøfte justeringar av tilbodet i 2014 og søknadar om ruter i nye kommunar.

Serviceskyss

Hovudutval for samferdsle vedtok i sak 05/12 "Kjøp av person- og godsrutetenester 2012" at det vert sett av midlar til serviceskyss. Heilårsverknad framover vil vere ei årleg løyving på 2,0 mill kr. Målet var tilbod om serviceskyss i kvar kommune. Dette målet har me ikkje oppnådd med desse midlane. Det er oppretta serviceskyss i 14 kommunar 2013. Det vart løyvd kr 200 000 ekstra til serviceskyss i 2013 til oppstart av fleire serviceskyssar.

Serviceskyssen skal bidra til å finne løysingar som aukar mobiliteten til dei som har vanskar med å nytte det ordinære rutetilbodet. Samordning av bestillingstransport og TT-tenesta kan gi ei betre utnytting av dei samla ressursane enn den gjeldande organiseringa gjer. Ved ei samordning kan flest mogeleg TT-brukarar nytte den ordinære kollektivtransporten, medrekna bestillingstransport og serviceruter som er opne for alle.

Leikanger, Balestrand, Gaular og Fjaler har hatt tilbod sidan 2003. I tillegg har Vågsøy eit samordna tiltak mellom TT-transport og serviceskyss i Måløy sentrum. Denne ruta køyrer to gonger dagleg, 6 dagar i veka.

Askvoll, Hyllestad, Naustdal, Gulen, Luster, Vågsøy, Flora, Sogndal og Solund starta opp skyssen i prosjektperioden.

Prosjektet har vore vellukka, det er registrert 18 007 passasjerar på rutene i 2013, Det er store skilnader i tal passasjerar og måten rutene er organisert på i dei forskjellige kommunane. Kommunane sin eigeninnsats og eigarskap til prosjekta er avgjerande for om tilbodet treffer brukargruppene og vert vellukka.

Fleire kommunar har vore i kontakt med samferdsleavdelinga med ynskje om serviceskyss. Den 18.02.2014 vart det sendt brev til kommunar som ikkje har serviceskyss om å søkje. Søknadsfristen var 11. april og 5 kommunar har søkt, Aurland, Jølster, Eid, Stryn og Førde.

Nærare om dei nye søknadane:

Aurland

Kommunen søkjer om følgjande ruter annakvar veke:

Rute 1: Undredal/Flåm – Aurlandsvangen (denne ruta er om lag 35 km)

Rute 2: Vassbygdi/Låvi – Aurlandsvangen (denne ruta er om lag 15 km)

Rute 3: Aurland lokalrute (alle stopp mindre enn 7 km frå sentrum)

- Rygg/Li
- Klokkargarden/Kvam/Bell
- Ystebøen/Høydalen/Skjerdal

Kommunen vil informere tannlege, lege, fysioterapeut, frisør og andre som lagar timeavtalar slik at dei kan prioritere desse brukarane på dagane serviceskyssen går. Det er også eit kafetilbod til eit alternativ til møteplassen på Røde Kors-huset.

Kostnad kr 60 000 år.

Eid

Kommunen søkjer om følgjande ruter kvar veke:

Rute 1: Heggjabygda/Hjelle, Stårheim/Remmedalen/Hjelmelandsdalen og Lote Hennebygda

Pensjonistlaget å Eid har ei ordning med pensjonistkafe ein dag i veka. Skyssen kan kombinerast med legebesøk, bank, NAV m.m.

Rute 2: Rundt sentrum, laurdagar til pensjonistkafe
Røde kors besøksteneste har ei ordning med laurdagskafe i kommunen sine dagsenterlokale i Fabrikken på Nordfjordeid sentrum.

Kommunen søkjer om kr 175 00. Det er ikkje henta inn tilbod frå drosjane på Eid.

Stryn

Kommunen søkjer om følgjande ruter kvar veke, (44 veker i året):

Rute 1: Hopland/Rand til Stryn sentrum.
Ruta skal kombinerast med kafe på Stryn omsorgssenter og handel på Fjelli
Einaste kollektivtilbodet på strekninga er skulebussen, men ingen tilbod når det er skulefri.

Rute 2: Oldedalen til Olden
Passasjerane får høve til å delta på eldretreffet på Olden helsetun og handel i Olden.
Einaste kollektivtilbodet på strekninga er skulebussen, men ei rute i turistseongen, men tidene er tilpassa trafikk andre vegen.

Kostnad kr 122 200.

Jølster

Kommunen søkjer om følgjande ruter kvar veke:

Rute 1: Frå Stardalen, Årdalen og Sanddalen til Skei.
Passasjerane kan få gjort alle sine ærend. Alt ligg ganske samla og kan nåast til fots. Ein av dei lokale kafeane vert treffstad der det vert fokuser på underhaldning og oppfølging av dei som nyttar tilbodet.

Rute 2. Ålhus, Eikås og Sanddalen til Jølstraholmen på Vassenden. Jølstraholmen har butikk, post, bank og kafè.

Det er ønskje om å opprette ei forenkla rute i samband med pensjonistlaget sine møter ca. 5 gongar i året. Denne ruta skal gå frå Eikås til Ålhus og frå Stardalen til Ålhus

Kostnad kr 224 900.

Førde

Kommunen søkjer om følgjande ruter kvar veke:

Rute 1:

Rute1: Sundsdalen- Sunde- Farsund- Bruland – Helsetunet
Seniorkoret kvar tirsdag frå kl 09.30 – 13.00.
Seniorkoret er eit helsefremmande, og førebyggjande tiltak for aldersgruppa 60+. Tiltaket samlar i overkant av 80 seniorar.
På denne ruta vil passere både butikk, legesenter og er ikkje langt frå bank og frisør.

Rute 2:

Seniordans og Skrivarløa kvar tysdag.
Rute : Solheimsdalen- Fauske- Ulltang- Viking- Skrivarløa
Seniordansen har øving kvar tysdag ettermiddag på Viking og samlar mange seniorar.
Elevar frå Ulltang har ytra ynskje om ei skyss- ordning til/frå Skrivarløa. Kvar tysdag er det eit etter-skuletid tilbod med middag, leksehjelp og andre aktivitetar. Elevane kan gå frå skulen til Skrivarløa og nytte skyssen heim igjen dersom det ikkje passar med tidspunktet ned.

Konklusjon: Når det gjeld skyss av elevar Frå Ulltang til/frå Skrivarløa kjem det ikkje inn under ordninga med serviceskyss. Dei må søkja om LTU midlar frå kommunen.

Rute 3:

Rute: Angedalen- Førdehuset- Kyrkjelydshuset- Domus

10- kaffien er ein møteplass på Kyrkjelydshuset. Her kan ein kjøpe kaffi og vaflar. Ruta er ikkje langt frå butikk, legesenter, bank og frisør. Senioruniversitetet har foredrag i Førdehuset ein onsdag i månaden frå kl 11.00- 13.00.

Rute: Angedalen- Førdehuset- Kyrkjelydshuset- Domus

Rute 4:

Seniordans kvar tysdag frå kl 16.00 – 18.30.

Rute : Haukedalen – Viking

Seniordansen har øving kvar tysdag ettermiddag på Viking og samlar mange seniorar.

Kostnad kr 341 000 (44 veker i året)

2. BUDSJETT

Fylkeskommunen har løyvd kr 3,5 mill. til serviceskyss i 2014.

3. VURDERING

Serviceskyssen er eit tilbod som flest mogeleg kan ha nytte av. Transporten skal vera open for alle og vera tilrettelagd for alle.

Kommunane har ansvar å utarbeide eit tilbod i samarbeid med lokale brukargrupper og at tilbodet vert kunngjort gjennom oppslag på legekantor, aviser eller flygeblad mm. Det er viktig med god informasjon og godt samarbeid med brukargruppene.

Serviceskyssen er ei bestillingsrute som skal bestillast kvelden før til eit gitt klokkeslett slik at drosjen veit kor mange som skal vera med og, kvar dei skal hentast. Tilbodet gjeld **på dagtid** slik at brukarane av skyssen skal ha anledning til å få utført nødvendige ærend som t.d. butikk, bank, tannlege, fysioterapeut, frisør m.m. Ettermiddags- og kveldsruter kjem ikkje inn under ordninga.

Dei nye rutene vert vurderte utifrå søknadane frå kommunane.

Serviceskyssen i dei 14 kommunane som allereie er oppretta vert vidareført som tidlegare.

Eigenandelen på serviceskyssen har vore kr 15,- frå starten i 2009. Minstetaksten på buss er kr 28,-. Fylkesdirektøren tilrår difor å auke eigenandelen til kr 25,- pr tur.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

1 Fylkeskommunen yter godtgjersle til følgjande serviceskyssar i 2014:

Gaular kommune	kr 250 000
Balestrand kommune	kr 215 000
Leikanger kommune	kr 150 000
Fjaler kommune	kr 200 000
Askvoll kommune	kr 170 000
Hyllestad kommune	kr 150 000
Naustdal kommune	kr 200 000
Gulen kommune	kr 180 000
Luster kommune	kr 200 000
Vågsøy kommune	kr 90 000 (.flexitaxi)
Flora kommune	kr 200 000
Sogndal kommune	kr 250 000
Solund kommune	kr 120 000
Gloppen kommune	kr 200 000

Sum

Nye kommunar

	Søknad heilt år	Tildelt 2014	Heilårseffekt
Aurland kommune	kr 50 000	30 000	
Jølster kommune	kr 224 900	75 000	
Eid kommune	kr 175 000	50 000*	

Stryn kommune	kr 122 200	60 000	
Førde kommune	kr 341 000	75 000*	
Sum	kr 912 200	190 000	380 000

*Søknadane til Førde og Eid er for lite konkrete og har manglar. Tildelinga forutset at dei saman med samferdsleavdelinga, lokale brukargrupper og drosjenæringa får på plass eit hensiktsmessig opplegg innan august 2014.

2 Eigenandelen på serviceskyssen vert auka frå kr 15,- til kr 25,- pr tur frå 01.07.2014.